



Uskedalen Utvikling har no sett punktum for i år for seniorsurfen som starta i Gamleskulen 19. september og fleire kursdeltakarar gjev uttrykk for at tiltaket var matnyttig og vellukka. Lærarane Hans Ordin og Britt Iren Østebø får mykje ros for effektiv og grundig opplæring.

- No er det berre om å gjera å vedlikehalda det, seier ein av elevane. Det har vore 7 kurskveldar, den siste i november

Janne Olsson i UU utelukkar ikkje at det kan bli eit nytt kurs i 2013. Det vert i fyrste omgang ein kurskveld til - i januar.

Deltakinga denne gongen har variert mellom 8 og 18 og alderen mellom 60 og rundt 90 år.

På biletet over er det Selma Eik og Vigdis Marie Monsen som får rettleiing.

Foto: Ola Matti Mathisen